

Fra: Fremtidens helsetjeneste
Sendt: 14. januar 2011 15:08
Til: hf@forde.kommune.no
Emne: Ditt høringssvar, Høyringsfråsegn til ny Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011-2015, er mottatt

Dette er en bekreftelse på at vi har mottatt ditt høringssvar på temaet
Generelle høringssvar.

Høyringsfråsegn til ny Nasjonal helse- og omsorgsplan 2011-2015

1. Samarbeidsforum i Sunnfjord (SIS), kommunane Flora, Førde, Gaular, Naustdal og Jølster, er positiv til den samhandlingsreforma som er sendt ut på høyring, og konkretisert i dei framlagde lovforslaga knytt til ny folkehelselov og lov om kommunale helse- og omsorgstenester.

2. Vi støttar måla og intensjonane til ny helse- og omsorgslov og ny folkehelselov som vil forsterke kommunane sin mynde og lokale handlefridom. Det er viktig å sikre at kommunane får lokal fridom til å finne gode organisatorske løysingar for dei utfordringar som reforma legg opp til. Etter som ansvarsdelinga mellom kommune og staten er noko uklar i lovforslaga, er det trong for ei klårare avgrensing av den statlege styringsretten.

Kommunane etterlyser såleis ein tydlegare og avklara ansvarsdeling mellom spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta enn det som kjem fram i lovframlegget. Ein redusert vekst i bruk av sjukehusstenester og større del overført til kommunehelsetenesta, føreset at kommunane vert sett i stand til å utføre like gode tenester som reforma legg opp til. Samarbeidsforum i Sunnfjord er også samd i at det er behov for ein sterkare kommunal styring av legetenesta, og at den må integrerast betre i den kommunale helse- og omsorgstenesta. Reforma må innførast stegvis og etter ein plan.

3. Nye plikter, større ansvar og fleire oppgåver som kommunane får ansvar for i samband med samhandlingsreforma, må følgjast opp med ressursar, mynde og tillit. Det er behov for ei grundig kostnadsrekning av den kommunal medfinansieringa av spesialisthelsetenestene. Den kommunale medfinansieringsmodellen må kombinerast med mekanismar for å avgrense kommunane sin finansielle risiko. Dei økonomiske konsekvensane for kommunane må bli betre kartlagt, og ein føreset at nye oppgåver som kommunane får ansvar for blir fullfinansiert frå Staten. Veksten i ressurstilgang må kome til kommunane slik at dei kan ta ansvar for auka oppgåver.

For å sikre ein god fordeling av nye oppgåver og plikter bør dei største pasientgruppene mellom kommunen og helseføretaka vurderast særskild, for å kartlegge kva behov som må tilfredsstillast for ein vellukka overføring av pasientgrupper frå spesialisthelsetenesta og til kommunehelsetenesta

4. Det er positivt med ein utvikling der Folkehelsa vert tillagt større vekt for kommunane, men stiller spørsmål om premissen som er lagt til grunn i lova vil føre til betre folkehelse, utan at dette vil få økonomiske eller administrative konsekvensar for kommunane

Nasjonal helse- og omsorgsplan må vise korleis reforma skal ha fokus på sektorovergripande folkehelsearbeid.

For å forankre folkehelsearbeidet i planar og i tiltak, vil det stille krav om auka tverrfagleg samarbeid i kommunen, og samhandling mellom kommunar og fylkeskommune. Dette er kapasitets- og kompetansekravjande arbeid, som stiller krav til kommunane om å bli sett i stand til ei auka satsing på folkehelsearbeid.

5. Det er fornuftig å sjå kompetanseutvikling og kompetanseoverføring i samheng med dei lovpålagde

samarbeidsavtalane, fordi desse avtalane vil bli knytt opp mot konkrete mål, oppgåver og ansvar. Ein sentral utfordring i arbeidet med dei lovpålagde samarbeidsavtalane blir å sikre likeverdige tilhøve mellom kommunane og helseføretaka.

6. Samhandlingsreforma vil utløyse eit krav til kompetanseløft i kommunesektoren som reforma må ta høgde for å finansiere.

7. Utdanning av helsepersonell må vurderast saman med KS, og desse må i større grad vere retta mot kommunehelsetenesta.

Sjukepleieutdanningane i fylket er avgjerande for god kvalitet på tenestene og må gjevast rammevilkår for framtidig drift og utvikling.

Utdanningsinnhald og kapasitet på vidaregåande opplæring, høgskule og universitet må sikrast slik at ein kan møte dei auka behova for kvalifisert helsepersonell innan både førebygging, kommunehelsetenesta og spesialisthelsetenesta.

8. Samarbeidsforum i Sunnfjord støttar ei organisering av spesialisthelsetenestene i fylket, med sentralsjukehus som fagbase og nav for det samla helseteneste- tilbodet i Sogn og Fjordane. Det er viktig å ha eit sterkt sentralsjukehus med fagleg breidde og tyngde til å halde oppe eit robust fagmiljø, sikre opplæring og rekruttering til spesialhelsetenesta og kommunehelsetenesta i fylket og kommunane.

Med helsing Samarbeidsforum i Sunnfjord

Jølster kommune
Naustdal Kommune
Gerd Dvergsdal s.
Håkon Myrvang s.
Ordførar

ordførar

Flora Kommune
Bente Frøyen Steindal s.
Ordførar

Førde Kommune
Nils Gjerland s.
Ordførar
14. januar 2011 16:07

Gaular Kommune
Jenny Følling s.
ordførar

Svaret kan leses her
Du er registrert som:
Brukertype: Privatperson
Navn: Førde kommune
Brukernavn: Hakon Fimland
E-post: hf@forde.kommune.no
Adresse: Postboks 338